

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskulen Vestland
Møtestad:	Fagskulen Vestland, avd. Nordnes: Haugeveien 28, 5005 Bergen Rom N506
Dato:	03.12.24
Tid:	Kl. 09:00 – 15:30

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet til Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarleg til Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskulen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00	Velkommen ved rektor
Kl. 09:05	Presentasjon av fagskolesektoren og aktuelle saker ved Carl Endre Espeland, Direktorat for høgere utdanning og kompetanse
Kl. 09:45	Drøfting av strategi for Fagskulen Vestland
Kl. 10:30	Pause
Kl. 10:45	Kvalitet – Presentasjon frå utdanningsleiarane
Kl. 11:30	Pause
Kl. 11:45	Kvalitet – Presentasjon frå utdanningsleiarane
Kl. 12:30	Lunsj
Kl. 13:15	Sakshandsaming
Kl. 15:30	Vel heim

Oddmund Klakegg
Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 16/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 17/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 18.10.24	2022/486	
GK 18/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 25.11.24	2022/486	

Referatsaker

RS 15/24	Val av vara for studentrepresentant	2022/486	
RS 16/24	Rekneskap tredje kvartal	2022/486	

Vedtaksaker

VS 17/24	Lokasjon og nytt bygg for fagskulen i Bergen	2022/486	
VS 18/24	Stadfesting av tilbodsstruktur 2025/2026	2022/486	
VS 19 /24	Arbeid med revidering av strategi for Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 20/24	Søknader om utviklingsmidlar 2025	2022/486	§ 23
VS 21/24	Lyd- / videoopptak av styremøte	2022/486	
VS 22/24	Søknad om tilskot gjennom industrifagskuleordninga	2022/486	
VS 23/24	Høyringsuttale – endringar i fagskulelova knytt til nasjonalt studentombod	2022/486	
VS 24/24	Møteplan for 2025	2022/486	
VS 25/24	Endring av namn på utdanningar	2022/486	
VS 26/24	Studieavgift	2022/486	

Eventuelt

Saksnr:	2022/486-159
Saksbehandlar	Adeline Berntsen Landro
Dato:	22.11.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Val av vara for studentrepresentant

Det vart i RS 11/24 i møte 30.08.2024 orientert om val av studentrepresentant for skuleåret 2024/25, Sigurd Bergsvik, men det var på det tidspunktet ikkje valt vara for studentrepresentanten.

Studentrådet har no gjennomført val av nestleiar som også vil vere vara for studentrepresentanten i styret.

Vara for Sigurd Bergsvik er Bård Jøran Vilnes Honningsvåg som er student på andre studieår ved automasjon i Førde.

Saksnr: 2022/486-164
Saksbehandlar Lars Arne Førde
Dato: 25.11.2024

Til: Styret hos Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap tredje kvartal 2024

Total oversikt					
Totalt oversikt er spesifisert på einingsnivå.					
Eining		Rekneskap 24	Budsjett hiå	Budsjett 24	Note
3880 Administrasjon og leing (FAH)		(137 673 760)	(97 769 055)	(130 526 721)	
3881 Undervisning (FAH)		110 424 099	114 934 700	158 073 320	
3888 Oppdragsverksemd (FAH)		(801 580)	(931 472)	(1 218 430)	
Prosjekt/prosjekt i arbeid		(40 520 437)			
Årsoppgjørdisposisjonar - Disposisjonsfond		1 631 714			
Totalsum		(66 939 964)	16 234 173	26 328 169	
Detaljert oversikt:					
Detaljert oversikt viser eininger fordelt per kostnadsstad. I tillegg er noen vesentlege postar/spesielle postar vist på eigen linje.					
Eining	Kostnadsstad/avd	Rekneskap 24	Budsjett hiå	Budsjett 24	Note
3880 Administrasjon og leing (FAH)	388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	2 823 368	8 648 181	11 409 469	
	388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	(147 521 000)	(110 596 491)	(147 521 000)	1.
	388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland		(7 285 454)	(10 071 870)	2.
	388010 OPK-FV - Administrasjon	6 814 343	6 701 241	9 131 820	
	388011 OPK-FV - Stab	3 755 140	4 029 069	5 521 670	
	388012 OPK-FV - Skolelokale/Felles	2 579 010	3 696 021	4 930 000	
	388013 OPK-FV - Fagskuleestyre	117 227	486 998	673 190	
	388014 OPK-FV - Markedsføring	1 985 465	1 124 550	1 500 000	
	388015 OPK-FV - Semester- og studieavgift	(8 297 770)	(4 948 020)	(6 600 000)	3.
	388016 OPK-FV - IT	70 457	374 850	500 000	
	Delsum	(137 673 760)	(97 769 055)	(130 526 721)	
3881 Undervisning (FAH)	388120 OPK-FV - Undervisning felles	2 374 073	2 180 434	2 957 620	
	388122 OPK-FV - Bygg Nordnes	14 407 520	15 154 251	20 808 320	
	388123 OPK-FV - Bygg Førde	12 646 748	12 653 886	17 373 430	
	388124 OPK-FV - Elektro Nordnes	17 441 419	18 308 425	25 165 080	
	388125 OPK-FV - Maskin og Prosess	13 739 532	13 285 094	18 102 740	
	388126 OPK-FV - Elektro og Maskin Førde	7 386 630	8 203 015	11 315 970	
	388127 OPK-FV - Maritim Austevoll	6 085 787	5 869 449	8 023 710	
	388128 OPK-FV - Maritim Måløy	7 167 251	8 451 552	11 820 480	
	388129 OPK-FV - Maritim Nygård	14 122 017	14 420 599	19 763 940	
	388130 OPK-FV - Grønne og gastronomisk	4 687 131	4 282 768	5 947 740	
	388131 OPK-FV - Anlegg Voss	2 139 689	2 697 828	3 839 770	
	388132 OPK-FV - Helse	4 831 044	5 982 419	8 235 100	
	388133 OPK-FV - Petroleum Nygård	3 395 258	3 444 980	4 719 420	
	Delsum	110 424 099	114 934 700	158 073 320	4.
3888 Oppdragsverksemd (FAH)	388802 OPK-FV - Kurs og kompetanse Bergen	(801 580)	(931 472)	(1 218 430)	5.
	Delsum	(801 580)	(931 472)	(1 218 430)	
	388099/388121 Årsoppgjørdisposisjoner - Prosjekter/prosjekter i arbeid	(40 520 437)			6.
	388099 Årsoppgjørdisposisjoner -	1 631 714			7.
	Delsum	(38 888 723)	-	-	
Totalsum		(66 939 964)	16 234 173	26 328 169	

Kommentarar:

1. Inntekter frå staten er ikkje periodisert i rekneskapen på månadsbasis. Rekneskap inkl. to tilskott. Ingen indikasjon på avvik frå budsjett på årsbasis.
2. Budsjett har ein salderingspost på ca. kr 10 mill. for heile året for å kome i balanse. Denne posten vil krevje strukturelle endringar (auka inntekter/reduerte kostnader) for å kome i mål. Det vert jobba med tiltak, dette vil fyrst ha effekt frå hausten, men størst effekt frå år 2025. Salderingspost gjeld heile drifta til FAV, ikkje berre administrasjon.
3. Betaling av semesteravgift til Sammen er ikkje bokført, dette skjer i oktober.
4. Rekneskapen synes i tråd med plan med inndekning av deler av salderingspost (ein post som er klassifisert under administrasjon).
5. Ikkje vesentlege avvik ifht budsjett.
6. Relatert til bundne prosjektmidlar/prosjekter i arbeid. Foreløpig ikkje noko indikasjon på overforbruk/ferdigstilling av prosjekt som vil påverke drift negativt.
7. Disposisjonsfond frå tidlegare år (meirforbruk). Denne post vil krevje strukturelle endringar (auka inntekter/reduerte kostnader) for å kome i mål.

Saksnr: 2022/486-175**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 17/24	03.12.2024

Lokasjon og nytt bygg for fagskulen i Bergen

Forslag til vedtak

1. Saka vert teke til orientering.

Samandrag

I denne saka vert det orientert om oppfølging av vedtak frå ekstraordinært styremøte 25.11.2024 og ordinært styremøte 18.10.2024.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det orientert om oppfølging av vedtak frå ekstraordinært styremøte 25.11.2024 og ordinært styremøte 18.10.2024.

Oppfølging frå ekstraordinært styremøte 25.11.2024

Styret handsama i ekstraordinært styremøte 25.11.2024 sak VS 16/24 Lokasjon og nytt bygg for fagskulen i Bergen og gjorde følgjande vedtak:

«Ei oppdeling av fagskulen Bergen er ikkje tilrådeleg. Styre i Fagskulen Vestland ber Fylkestinget om å finne løysingar som gjer at fagskulen får tidsriktige, sentrale, samla og store nokk lokale til å vere eit flaggskip i Bergen for høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulen må løftast fram som den viktigaste utdanningsinstitusjonen den er for det verdiskapande arbeidslivet i fylke.

Fagskulen har i dag 1100 studentar, 45 klassar og 110 tilsette i Bergen.»

Vedtaket vart fatta på bakgrunn av vedteken innstilling i sak *PS 64/24 Investeringar i skulesektoren* i hovudutval for opplæring og kompetanse (OPKO), som kunne leie til at fagskulen i Bergen vart lokalisert ved tre forskjellige stader. Styret sitt vedtak vart oversendt til fylkesdirektøren som la det fram for fylkesutvalet i same sak (PS 288/24) 25.11.2024.

Fylkesutvalet har møte 25. og 26. november, og protokoll er såleis ikkje klar når denne saka vert skriven. Ut i frå drøftinga til saka i fylkesutvalet, vil innstillinga frå OPKO verte vedteken, fordi politikarane vil bruke meir tid, og arbeide vidare med vedtaket fram mot fylkestinget 11. og 12. desember 2024.

I fylkesutvalet 25. november belyste fylkesadministrasjonen saka tydeleg i høve til fagskulen og peikte på viktigheita av å samla fagskulen sin aktivitet i Bergen, både i høve til fagmiljø, styring og ressursutnytting. Saka vart drøfta grundig i utvalet, og det synte til stor forståing for at fagskulen ikkje ønskte å bli meir splitta i Bergen. Samtidig ga utvalet uttrykk for at det er ei komplisert sak sett i lys av lokasjon for både fagskulen og det vidaregåande tilbodet. Sak PS 288 om investeringar i skulesektoren er ei oppfølging av heilskapleg tilbodsstruktursak i den vidaregåande sektoren i fylket, men lokasjon for fagskulen er også ein del av sakskomplekset og kabalen.

Oppfølging av sak om lokasjon etter styremøte 18.10.2024

I styremøte 18.10.2024 handsama styret sak VS 12/24 Ny lokasjon for studiestadene i Bergen og bad samtidig om ei vidare orientering om arbeidet med ny lokasjon og nytt bygg. Som det kjem fram av saka om investeringar i skulesektoren må fagskulen vere på plass i nytt bygg seinast sommaren 2031. I saksframlegget om heilskapleg tilbodsstruktur for dei vidaregåande skulane (PS 102/24) er det anslått ei byggetid for nytt fagskulebygg på 3 år. Tilrådd byggestart er 2028, men med mogleg start i 2026. Kostnad vart i saka rekna til å vere på kr 530 mill. Dette framlegget var basert på at C-bygget på Årstad skulle rivast, og at bygg for fagskulen kunne byggast der. Før endeleg lokasjon for fagskulen er vedteke vil ein ikkje kunne vite når byggestart kan vere, og dette må ein kome tilbake til.

Eigedom, i samarbeid med fagskulen, lagde i 2019 eit rom- og funksjonsprogram den gang det var bestemt at skulen skulle vere på Laksevåg. Denne programmeringa er fortsett aktuell i dag, men må gjerne justerast i høve til dagens aktivitet. Vidare så har fagskulen deltatt i arbeid med å lage ein eigen rekningsmodell av areal for fagskule, slik som det er for vidaregåande utdanning (FEF modell).

Vedtakskompetanse

Vedtektene for styret, § 1-1 sjuande ledd:

«Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttale før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.»

Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret tek saka til orientering og at administrasjonen kjem tilbake med meir informasjon når lokasjon og prosess er meir avklara.

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 18/24	03.12.2024

Stadfesting av tilbodsstruktur 2025/2026

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å lyse ut 170 ekstra studieplassar (5 klassar) våren 2025 med atterhald om budsjettvedtak i fylkestinget. Totalt vert følgjande tilbod og studieplassar lyst ut:

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	50	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	71	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	73	80
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	109	80
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	73	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	168	80
Nordnes	Klassisk byggningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		20
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	36	0
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	65	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	71	40
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	14	30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	62	30
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp		40
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		20
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	41	30
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	16	0
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	15	30
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	41	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	47	30
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp		15
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	7	0

Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	27	30
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp		0
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	15	30
Førde	Solenergi, 120 stp		30
Stord	Maskinteknikk - med ISO FTT65H, 120 stp	26	30
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		30
Stord	Industriell isolering D, 30 stp		30
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	76	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	85	30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	52	30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	25	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	13	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	32	18
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18
Måløy	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp		20
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	49	0
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	18	0
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	38	20
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp		30
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30

2. Fagskulen kan søkje Samordna opptak om løyve til å gjere eit lokalt opptak for utdanninga Solenergi hausten 2025.

Samandrag

Styret handsama i møte 18.10.2024 sak om mellombels tilbudsstruktur for skuleåret 2025/26. Saka vart lagt fram med forslag til reduksjon i tilbudet på bakgrunn av vedtak i samband med budsjettplan for 2025/2028, og den kostnadsauken som fagskulen har hatt, jf. tidlegare orienteringar. I finansutvalet 25.11.2024 vart det gjort ei innstilling til fylkesutvalet i sak *PS 9/24 Budsjett 2025/økonomiplan 2025/2028 – arbeidsdokument* som føreslår å ikkje gjennomføre dei planlagde trekka for fagskulen. På bakgrunn av dette vert det føreslått å lyse ut 170 fleire studieplassar fordelt på 5 klassar våren 2025.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret handsama i møte 18.10.2024 sak VS 14/24 Mellombels tilbudsstruktur for skuleåret 2025/26. Saka vart lagt fram med forslag til reduksjon i tilbodet på bakgrunn av vedtak i samband med budsjettplan for 2025/2028, og den kostnadsauken som fagskulen har hatt, jf. tidlegare orienteringar. I finansutvalet 25.11.2024 vart det gjort ei innstilling til fylkesutvalet i sak PS 9/24 *Budsjett 2025/økonomiplan 2025/2028 – arbeidsdokument* som føreslår å ikkje gjennomføre dei planlagde trekka for fagskulen. I innstillinga til fylkesutvalet står det følgjande om Fagskulen Vestland:

Nettobudsjett pr. avdeling		Politiske endringar	2025	2026	2027	2028
30	Opplæring og kompetanse					
		30.3 – Auke rammene til fagskulen	5 000	5 000	5 000	5 000

«30.3 - Auke rammene til fagskulen

Fagskulen er viktig for å utdanna kompetent arbeidskraft i det verdiskapande og Grøn region Vestland framover. Det fylkeskommunale tilskotet til fagskulen Vestland skal ikkje fasast ut, men skal tilpassast dei økonomiske rammene til fylkeskommunen og sikre at fagskulen har tilstrekkelege ressursar til å vidareutvikle studietilboda og kunne tilby nye studieretningar. Fylkestinget ber om ei sak som ser på dei overordna måla og strategiane til Fagskulen i Vestland, og saka leggjast fram for fylkestinget før sommaren 2025. Vidare ber fylkestinget styret for Fagskulen sjå på auka inntekspotensiale gjennom brukarbetaling frå skuleåret 2025-2026.»

Fylkestinget skal handsama budsjettsaka 11. og 12. desember 2024, og innstillinga er såleis ikkje endeleg vedteke.

I denne saka vert mellombels tilbudsstruktur som styret handsama i møte 18.10.2024 lagt fram på nytt med forslag til kva tilbod som kan opprettast dersom fylkestinget vedtek å oppretthalde budsjettet til fagskulen i åra framover. Nokon av forslaga er ei auke i høve til opphavelag vedtak, medan nokon tilbod vert føreslått lyst ut utan å søkje nye studieplassar. Fagskulen har ikkje motteke svar på søknad om nye studieplassar, det vil vi få i løpet av desember, men det vil vere å tru at vi ikkje vil kunne få så mange studieplassar som me har søkt om, og det er derfor ønskjeleg å prioritere oppstart av desse tilboda dersom fylkestinget vedtek innstillinga som er gjort i finansutvalet.

Forslag til mellombels tilbudsstruktur

Studieplassane markert med blått er føreslått med atterhald om styrking av budsjett i tråd med innstilling i finansutvalet.

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2024	1. klasse	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	50	40	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	71	30	
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	73	80	40 ekstra studieplassar
Nordnes	Automatisering FTE01N, 120 stp	109	80	40 ekstra studieplassar
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	73	30	
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	168	80	Trekkje søknad om 40 nye studieplassar
Nordnes	Klassisk byggningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		20	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	36	0	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	65	40	

Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	71	40	
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	14	30	
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	62	30	
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon FTT57N, 120 stp		40	
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		20	
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	41	30	
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	16	0	
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	15	30	<i>Jf. vedtak 18.10.2024</i>
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40	
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	41	40	
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	47	30	
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp		15	<i>Føreset ekstern finansiering og nye studieplassar</i>
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	7	0	
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	27	30	
Førde	Mjølkeproduksjon m/robot FPS10N, 60 stp		0	
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	15	30	
Førde	Solenergi, 120 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Stord	Maskinteknikk - med ISO FTT65H, 120 stp	26	30	
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Stord	Industriell isolering D, 30 stp		30	<i>Føreset nye studieplassar</i>
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	76	30	
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	85	30	
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	52	30	
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	25	30	
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	13	30	
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	32	18	
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18	
Måløy	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp		20	<i>Oppstart feb 26, lokalt opptak</i>
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	49	0	
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	18	0	<i>Pause</i>
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	38	20	<i>Trekkje søknad om 20 nye studieplassar</i>
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp		30	<i>Skal søke nye studieplassar</i>
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30	

Basert på dette framlegget vil fagskulen trekkje søknad om nye studieplassar til utdanningane:

- Elkraft deltid, Nordnes
- Pommelier deltid, Hjeltnes

På Elkraft (Nordnes) har vi hatt 80 studieplassar dei siste åra innanfor ramma, og med ei styrking av budsjettet til fagskulen vil det vere naturleg å leggje dette inn igjen.

Pommelier på Hjeltnes har ikkje hatt nye studieplassar, men det er ønskeleg å ta tilbodet inn i ramma til fagskulen fordi dette er eit fagområde som ikkje ligg til dei faglege prioriteringane til fylkeskommunen, og det er såleis større usikkerheit knytt til om vi vil få innvilga søknaden.

Vidare vert det foreslått å auke talet på studieplassar ved tilboda Bygg deltid og Automatisering deltid på Nordnes til 80 ved kvart tilbod, i staden for 40 som vart vedteken 18.10.2024. Bygg har tidlegare fått opptrapping gjennom nye studieplassar, og har såleis vore i ramma tidlegare med 80

studieplassar. Automatisering har normalt hatt 40, men vart auka til 80 førre studieår fordi heiltidstilbodet ikkje vart starta opp.

Styret vedtok 18.10.2024 å lyse ut Bygg deltid i Førde utover ramma som rektor la fram i saksframlegget. Utan ei styrking vil anten dette, eller eit anna tilbod, måtte trekkast når endeleg sak om tilbodsstruktur skal handsamast i april 2025 for å kome i balanse. På bakgrunn av dette er Bygg deltid i Førde også markert med blått i tabellen over og vert rekna som ei auke som kan gjennomførast med ei styrking i budsjettet.

Rektor meiner at dette forslaget vil vere økonomisk berekraftig dersom det fylkeskommunale driftstilskotet vert oppretthaldt i åra som kjem. Forslaget vil gi ei auke på 170 studieplassar (5 ekstra klassar) i høve til vedtaket i sak VS 14/24 i oktober for skuleåret 2025/26.

Andre endringar

Styret vedtok å lyse ut tilbodet Solenergi i Førde hausten 2025, men akkrediteringa vert dessverre ikkje klar til fristen til Samordna opptak, og det er derfor ønskjeleg å søkje om å gjennomføre eit lokalt opptak av denne utdanninga.

Vidare er det til dette møtet lagt fram ei sak om endring av namn på tre utdanningar, *VS 25/24 Endring av namn på utdanningar*, og dersom styret vedtek desse endringane kan administrasjonen justere mellombels tilbodsstruktur i tråd med dette.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

Rektor tilrår at mellombels tilbodsstruktur vert justert i tråd med saksframlegget med atterhald om at innstillinga i finansutvalet vert vedteke i fylkestinget. Rektor vil også tilrå at det vert gjeve løyve til å søkje om lokalt opptak for utdanninga Solenergi.

Saksnr: 2022/486-160**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 19/24	03.12.2024

Arbeid med revidering av strategi for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Fagskulen startar opp ein prosess med å utarbeide ein revidert strategi for fagskulen sin vidare utvikling dei neste 5 og 10 åra som det kjem fram av saka.
2. Strategien skal handsamast av styret i desember 2025.

Samandrag

Under eventuelt i styremøte 18.10.2024 vart det beden om ei sak med framlegg om moglegheita for, og ein prosess for eit strategiarbeid knytt til korleis Fagskulen Vestland skal utvikle seg vidare i eit 5 eller 10 års perspektiv.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Under eventuelt i styremøte 18.10.2024 vart det beden om ei sak med framlegg om moglegheita for, og ein prosess for eit strategiarbeid knytt til korleis Fagskulen Vestland skal utvikle seg vidare i eit 5 eller 10 års perspektiv. I denne saka vert det først vist kva utvikling fagskulen og sektoren har vore igjennom dei siste åra, samt kva eventuelle endringar som kan kome framover med ny stortingsmelding om høgare yrkesfagleg utdanning.

2. desember 2016 vart det lagt fram ei stortingsmelding – Meld. St. 9 *Fagfolk for fremtiden*. I meldinga vart det føreslått til saman 48 tiltak som skulle styrke fagskulesektoren. Tiltaka som vart føreslått i meldinga inkluderer:

Studentvelferd: Rett til tilknytning til samskipnad for fagskolestudentar og inkludering i levekårsundersøkingar.

Kvalitet: Etablering av utviklingsmidlar, ein kvalitetspris og jamlege kandidatundersøkingar.

Organisering og styring: Klargjering av styrets ansvar, lovfesting av arbeidslivsrepresentasjon og studentrettar i styret.

Studiepoeng og internasjonalisering: Overgang frå fagskulepoeng til studiepoeng og tiltak for å fremje internasjonalt samarbeid.

Opptak og fleksibilitet: Innføring av nasjonal opptaksordning, realkompetansevurdering og unntaksbestemming for lengre utdanningar.

Finansiering og vekst: Ny finansiering med ei tilskotsordning som består av eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot, og leggje til rette for at fleire kan ta fagskuleutdanning.

Tiltaka i meldinga har vore evaluert gjennom to del-evalueringar gjennomført av Deloitte.

I februar 2025 vil Kunnskapsdepartementet legge fram ei ny stortingsmelding om fagskulesektoren og det er venta at meldinga skal handsamast av stortinget i mai 2025. Departementet har gjennomført fleire rundar med innspelsmøter og teke i mot skriftlege innspel i arbeidet med den komande meldinga. Innspelsmøta var som følgjer:

- Internasjonalisering: 29.11.2023 i Tromsø
- Forvaltning og finansiering: 30.11.2023 i Bergen
- Kvalitet og relevans: 01.12.2023 i Oslo
- Kompetansebehov: 01.12.2023 i Oslo

Eit anna tema som har vore diskutert er institusjonsakkreditering, og regjeringa meinte at det var eit tiltak som var så viktig at det ikkje var naudsynt å vente på ei stortingsmelding for å handsame. Fagskulelova er allereie endra slik at fagskular kan få institusjonsakkreditering, men søknadsordninga er ikkje på plass enda av di NOKUT må kome med ei revidering av fagskuletilsynsforskrifta først.

Rektor meiner det vil vere eit riktig tidspunkt å revidere fagskulen sin strategi i samband med at det vert lagt fram ei ny stortingsmelding, og samtidig tenke strategi for ei lengre tidshorisont. Sektoren er i utvikling, og tema som også er vorte drøfta i samband med den komande meldinga er nivået på fagskuleutdanningane i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og vidare utvikling av lovverket i høve til kva slags institusjon ein fagskule skal vere. Desse temaa er det sektoren sjølv som har løfta fram og gitt innspel til. HØY som er interesseorganisasjon for dei offentlege fagskulane har mellom anna gitt innspel til korleis ei tydeleg formålsparagraf for fagskulane kan sjå ut.

Ei ny og revidert strategi vil kunne handsamast av styret i løpet av hausten 2025, slik at stortingsmeldinga er ferdig handsama av stortinget før styret gjer vedtak.

Strategien kan ta føre seg tema som:

- Kva faglege satsingar og prioriteringar som vil vere viktig i perioden sett opp mot framtidig kompetansebehov
- Korleis skulen skal samarbeide med relevant arbeidsliv og andre aktørar både for å levere naudsynt kompetanse og for å styrke eigen organisasjon

- Korleis fagskulen som organisasjon skal vere organisert og sett saman for å møte framtidens kompetansebehov, og vurdering av organisering i tråd med eventuelle endringar i sektoren som kjem gjennom stortingsmeldinga.

Styret bad også om ei vurdering av om fagskulen har naudsynte ressursar til å arbeide med ei slik strategi, og rektor meiner at dersom saka kan verte lagt fram for styret i desember 2025 vil det vere tilstrekkeleg med tid. Rektor vil også sende ei førespurnad til avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for innovasjon og næring i høve til å bidra med å lage eit kunnskapsgrunnlag for strategiarbeidet. Eit slik kunnskapsgrunnlag vil kunne vere statistikk om arbeidslivet i regionen sitt kompetansebehov framover, trendar og framskrivingar i høve til utdanningsval i vidaregåande utdanning, samt kompetansebehov knytt til omstilling og det grønne skifte.

I høve til prosess ønskjer rektor å sette ned ei arbeidsgruppe som kan drive arbeidet med både kunnskapsgrunnlaget og utarbeiding av strategi, samt sikre involvering av tilsette, arbeidsliv og studentar, og andre relevante aktørar i utdanningssektoren.

Vedtakskompetanse

Styret sine vedtekter § 2-2 andre ledd stadfestar følgjande:

Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at fagskulen startar opp ei prosess med å utarbeide ein strategi for fagskulen sin vidare utvikling dei neste 5 og 10 åra som det kjem fram av saka.

Saksnr: 2022/486-168**Saksbehandlar:** Pernille Moseng Rieber

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	21/24	03.12.24

Lyd- / videoopptak av styremøte**Forslag til vedtak**

Møte i styret for Fagskulen Vestland skal ikkje bli teke opp med lyd eller video.

Samandrag

Medlemmer i styret for Fagskulen Vestland førespurte i styremøtet 18.10.24 at møtet skulle bli teke opp med lyd / video. Styremøtet vart difor teke opp.

Administrasjonen ved Fagskulen Vestland vurderer at videoopptak av styremøte førar med seg ein rekke problemstillingar og utfordringar. På denne bakgrunn tilrår administrasjonen at det ikkje blir teke lyd- / videoopptak av møte i styret for Fagskulen Vestland.

Torbjørn Mjelstad

rektor

Adeline Berntsen Landro

Prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Medlemmer i styret for Fagskulen Vestland førespurte i styremøtet 18.10.24 at møtet skulle bli teke opp med lyd / video. Ingen av medlemmene motsette seg førespurnaden, og styremøtet vart difor teke opp.

Administrasjonen ved Fagskulen Vestland meinte at førespurnaden trong nærmare vurdering. Difor har administrasjonen vurdert spørsmålet, og legg her fram dei problemstillingar og utfordringar som lyd- / videoopptak førar med seg.

Vedtakskompetanse

Styret har mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld fagskulen innanfor styret sin kompetanse, jf. styrevedtektene § 2-1 (1).

Vurderingar og verknader

Administrasjonen ved Fagskulen Vestland (heretter fagskulen) rår til at det ikkje blir teke lyd- / videoopptak (heretter omtalt som videoopptak) av møte i styret ved fagskulen. Det har ikkje tidlegare vore praksis å ta videoopptak av styremøte, og det er fleire grunner til at slike opptak ikkje er hensiktsmessig eller formålstenleg.

Ikkje eit rettsleg krav om videoopptak

Det er ikkje eit rettsleg krav om videoopptak av styremøte ved fagskulen, verken etter fagskulelova, forvaltningslova, offentleglova, kommunelova eller anna lovgiving. Styret er dermed ikkje pålagt å ta videoopptak av styremøte. Administrasjonen er heller ikkje kjent med at liknande institusjonar har som praksis å ta videoopptak av styremøte. Merk her at fagskulestyret ikkje er eit politisk utval, der det ofte er vanleg med videoopptak.

Styret er ikkje eit folkevald organ

At styret ikkje er eit folkevald organ talar for at det ikkje er behov for den openheit som videoopptak av styremøte gir. Styret er likevel open om sakshandsaminga i styret, ved at møteinnkalling med saksdokument og møteprotokoll frå styremøte, blir publisert opent på nettsidene til fagskulen. Administrasjonen meiner at styret gjennom ei slik publisering sikrar transparens med både tilsette og studentar ved fagskulen. Arkivering av saksframlegg og møteprotokollar sikrar også at ein finn tilbake til saker og vedtak som har vore fatta i styret. Dermed er det ikkje behov for videoopptak av styremøte for å ivareta omsynet til openheit eller historikk i saker.

Personvernomsyn

Videoopptak skapar utfordringar i forhold til reglar og prinsipp for personvern og informasjonstrygghet. Omsynet til personvern gjeld deltakarane i møte frå både styret og administrasjonen, som må samtykke til opptak. Problemstillinga om personvern er også aktuell med tanke på ikkje-deltakande personar som eventuelt blir omtale i møte. Dette er særleg relevant ved saker som kan kome opp for behandling i styret, som er unntatt offentlegheit. Personvernomsyn vil dermed krevje at videoopptak blir gjennomgått, for å skjerme sakshandsaming som ikkje kan bli lagra eller publisert. Omsyn til personvern taler såleis i mot videoopptak av styremøte.

Praktiske omsyn

På digitale styremøte finnast det ein eigna funksjon for videoopptak. Ved fysiske møte må mikrofonar, kamera og anna utstyr bli rigga opp for deltakarane i møte. Fagskulen har ikkje slikt utstyr. I tillegg må ein IT-kyndig vere til stades i fysiske møte for å gjennomføre videoopptak. Ein IT-kyndig vil også måtte gjennomgå og skjerme deler av opptak, både digitale og fysiske, ref. personvern. Vidare må videoopptak bli fylgt opp med rutinar for sletting. I tillegg har offentlege verksemder plikt til å synstolke førehandsinnstilte video som blir publisert på nett, jf. § 4b tredje ledd i forskrift om universell utforming av IKT-løsningar. Videoopptak vil totalt sett vere tid- og ressurskrevjande for administrasjonen ved fagskulen. Praktiske omsyn taler dermed i mot videoopptak av styremøte.

Diskusjon i styret

Administrasjonen meiner at det er viktig å sikre eit trygt styrerom som opnar for diskusjon i styret og for at administrasjonen også kan uttale seg fritt om spørsmål frå styret, utan å måtte ta omsyn til at styremøte blir teke opp med video. Det kan vere avgrensande både for medlemmer i styret og for møtedeltakarar frå administrasjonen når styremøte blir teke opp. Dette taler også i mot videoopptak.

Konklusjon

Etter ein samla vurdering rår administrasjonen til at det ikkje blir teke lyd- / videoopptak av styremøte ved Fagskulen Vestland. Tilrådinga gjeld uavhengig av om opptak er meint for internt bruk og ikkje skal publiserast, eller om opptak skal bli delt opent.

Saksnr: 2022/486-165**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 22/24	03.12.2024

Søknad om tilskot gjennom industrifagskuleordninga

Forslag til vedtak

1. Styret støttar at fagskulen søkjer om midlar til studieplassar gjennom industrifagskulen for perioden 2025 - 2027.

Samandrag

HK-dir lyser ut midlar til industrifagskulen for 2025–2027, med opptil 598 studieplassar á 60 studiepoeng per år. Tilboda skal vere modulbaserte, fleksible og utviklast i samarbeid med næringslivet for å møte kompetansebehov innan industri og bygg. Målet er å styrke produktivitet og omstillingsevne. Fagskulen Vestland ønskjer å søkje på denne ordninga for i tråd med skulen sin satsing på EVU og for å møte regionale kompetansebehov. Søknadsfrist er 6. desember 2024.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) lyser ut tilskot til fagskular for å utvikle og drifte modulbaserte vidareutdanningstilbod innan industri og bygg for perioden 2025–2027. Ordninga er kalla industrifagskulen og er ei viktig satsing nasjonalt, og ein del av frontfagoppgjeret. Midlane skal fremje fleksible, kortvarige utdanningar som kan kombinerast med fulltidjobb og møte konkrete kompetansebehov i næringane. Kwart tilbod skal utviklast og gjennomførast i nært samarbeid med bedrifter, næringsklynger og tillitsvalde for å sikre relevans.

Tilskotsordninga dekker opptil 598 studieplassar á 60 studiepoeng i året, og støtta fordeler seg over tre år. Ein studieplass kan nyttast fleksibelt til å dekke fleire modular og studentar. Målet er å bidra til høgare produktivitet og betre omstillingsevne for både bedrifter og arbeidstakarar. Permitterte og ledige kan også vere del av målgruppa.

For utdanningstilbod innan industrifagskulen kan kvar modul ha ein maksimumsstorleik på 30 studiepoeng. Det er mogleg å gi tilbod i mindre modular, der fleire modular til saman kan utgjere ein studieplass på 60 studiepoeng per år. Dette legg til rette for fleksible tilbod som kan tilpassast både studentane sine behov og produksjonskrava i industrien eller byggsektoren. Utdanningstilbodet skal bidra til å auke produktivitet og omstillingsevne i tråd med bedriftenes behov.

Tilskotsordninga gjennom industrifagskulen er ei strategisk moglegheit for fagskulen og vil vere naudsynt for å sikre satsinga på EVU i fortsettinga. Fagskulen Vestland ønskjer å søkje for å vidareutvikle tilbodet sitt innan tekniske og industrirelaterte fag. Denne utlysinga representerer ei viktig satsing for å styrke den regionale kompetansepolitikken, sikre meir tilpassa tilbod og utvide samarbeidet med arbeidslivet. Ordninga legg også til rette for innovasjon og fleksibilitet i utdanninga, noko som er heilt avgjerande for å møte framtidige krav i industrien og byggsektoren. Søknadsfristen er 6. desember 2024, og Fagskulen Vestland ønskjer å søkje om studieplassar gjennom denne ordninga. Arbeid med søknad er starta opp, men det er ikkje avklart kor mange studieplassar det er ønskjeleg å søkje om enda.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret støttar at fagskulen kan sende søknad om studieplassar gjennom ordninga med industrifagskulen, og at fagskulen kjem tilbake med ei orienteringssak om kor mange studieplassar det er søkt om og kva tilbod det er ønskjeleg å starta opp gjennom ordninga.

Saksnr: 2022/486-158
Saksbehandlar: Astrid Nyttun Steffensen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 23/24	03.12.2024

Høyringsuttale - endringar i fagskulelova knytt til nasjonalt studentombod

Forslag til vedtak

Styret for Fagskulen Vestland gir høyringsuttale om forslag til endringar i fagskulelova § 14 a (studentombod) slik det kjem fram av saka.

Samandrag

Kunnskapsdepartementet sende 10. oktober 2024 endringar i fagskulelova på høyring. I mai 2024 vart det vedtatt at fagskulestudentar skal ha tilgang til eit nasjonalt studentombod, med verknad frå 1. august 2025. Høyringsnotatet gjeld det nasjonale studentombodet sitt mandat, plikta til å informere om ombodet, tilsetting på åremål, teieplikt og fagleg sjølvstende. Dei foreslåtte endringane er avgrensa og rektor støttar i hovudsak forslaga, med nokre presiseringar.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Høyringsnotat - 10. oktober 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet sende [10. oktober 2024 endringar i fagskulelova på høyring](#)¹. I mai 2024 vart det vedtatt at fagskulestudentar skal ha tilgang til eit nasjonalt studentombod, med verknad frå 1. august 2025. I tillegg vart ny universitets- og høgskulelov vedtatt i mars 2024, med verknad frå 1. august 2024. Departementet foreslår endringane slik at fagskulelova skal harmonere betre med at studentombodet skal vere nasjonalt organisert, og for å ha betre samanheng med dei presiseringane som no er gjort i [universitets- og høgskulelova om ombodsordninga](#)².

Etter gjeldande fagskulelov § 14 a skal styret sørge for at fagskulestudentar har tilgang til eit studentombod. Frå 1. august 2025 blir studentombodet i staden for nasjonalt og ansvaret for gjennomføringa blir flytta til statleg hald, med plassering i HK-dir.

Departementet viser til at forslaga i hovudsak presiserer gjeldande rett og difor ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet foreslår i høyringsnotatet:

1. å presisere i fagskulelova § 14 a at studentombodet skal bidra til å ivareta rettssikkerheita til studentane overfor fagskulen, ved å gi råd og hjelp i saker knytt til studiesituasjonen.
2. å presisere i fagskulelova § 14 a at studentombodet ikkje sjølv har mynde til å avgjere saker.
3. å vidareføre åtgangen i fagskulelova § 14 a til å tilsette studentombod på åremål.
4. å oppheve regelen i fagskulelova § 14 a om at studentombodet har teieplikt etter forvaltningslova, då eit nasjonalt ombod uansett vil ha teieplikt etter forvaltningslova.
5. å vidareføre presiseringa i fagskulelova § 14 a om at studentombodet ikkje kan bli instruert.

Departementet har i tillegg vurdert å presisere at studentombodet sjølv kan bestemme om hen vil gi bistand i ei sak, slik det er presisert i universitets- og høgskulelova. Departementet meiner det same ikkje er nødvendig å presisere i fagskulelova for eit nasjonalt studentombod.

Med bakgrunn i få førespurnadar frå fagskulestudentar, viser departementet til eit behov for å informere fagskulestudentane om studentombodet slik at ordninga kan fungere som tilsikta. Departementet viser til at styret etter fagskulelova § 9 tredje ledd bokstav d har ansvar for å sørge for nødvendig informasjon og rettleiing til studentar ved fagskulen. Departementet meiner dette omfattar ei plikt til å informere om det nasjonale studentombodet, når ny nasjonal ordning trer i kraft 1. august 2025. Det er difor ikkje nødvendig å endre lova for å sikre informasjon om ordninga.

Lovforslaget til justert føresegn i fagskulelova § 14 a, med endringar i kursiv:

«§ 14 a *Studentombud*

Fagskulestudentar skal ha tilgang til et nasjonalt studentombud.

Studentombudet skal gi fagskulestudentar råd og hjelp i saker som er knyttet til studiesituasjonen, og bidra til å ivareta studentenes rettssikkerhet overfor fagskolen.

Studentombudet kan ikke instrueres i sitt virke.

Studentombudet har ikke selv myndighet til å avgjøre saker.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing3/id3057183/>

² <https://lovdata.no/lov/2024-03-08-9/§10-8>

Ansettelse på åremål kan benyttes for studentombud. Åremålsperioden kan være fire til seks år. Ingen kan være ansatt på åremål etter denne bestemmelsen i en sammenhengende periode på mer enn tolv år.

Departementet kan gi nærmere forskrift om studentombud.»

Fagskulen Vestland støttar i hovudsak forslaga, men vil nytte anledninga til å kommentere nokre punkt. Fagskulen ser gode grunnar for at fagskulelova § 14 a bør innehalde presisering om at studentombodet avgjer om ombodet vil gi bistand i ei sak, og at føreseigna bør vise eksplisitt til at ombodet har teieplikt, sjølv om sistnemnde vil innebere ei dobbeltregulering.

Høyringsuttale:

Høyringsuttale – forslag til endringar i fagskulelova knytt til nasjonalt studentombod

Styret ved Fagskulen Vestland viser til høyringsnotat datert 10. oktober 2024.

Styret støttar i hovudsak dei foreslåtte endringane/presiseringane i fagskulelova § 14 a. Styret ser det som positivt at det er valt oppsett og ordval som svarar til føreseigna i universitets- og høgskulelova § 10-8 om studentombod. Departementet viser til at lovreguleringa for studentombod bør vere tilsvarande for dei to sektorane, og at dei to studentgruppene bør ha like rettar, noko styret støttar.

Det er foreslått å presisere at studentombodet skal bidra til å ivareta rettssikkerheita til studentane overfor fagskulen. Styret er einig i at denne presiseringa av mandatet til ombodet er i tråd med formålet med studentombodsordninga, og støttar presiseringa. Det same gjeld presiseringa om at ombodet ikkje sjølv har mynde til å avgjere saker. Som departementet viser til følger det allereie av forarbeida til gjeldande føresegn at ombodet ikkje kan gjere vedtak. Presiseringa vidarefører i praksis gjeldande rett, og styret er einig i at denne beskrivinga av kva som er ombodet si rolle bør gå fram direkte av lovteksten. Med same grunngeving støttar styret vidareføringa i fagskulelova § 14 a om at studentombodet ikkje kan bli instruert.

Styret nyttar moglegheita til å påpeike at ein generelt i tolkinga av fagskulelova til tider har behov for å sjå hen til tilsvarande regulering i universitets- og høgskulelova, og at forarbeida til fagskulelova ofte viser til universitets- og høgskulelova. Også av slike grunnar er det rettskjeldemessig viktig å ha like føresegn, der det er mogleg og føremålstenleg. T.d. ulike ordlydar kan bli tolka som å tilseie skilnadar, også der det var tilsikta med lik regulering.

Styret har ikkje merknadar til forslaget om å vidareføre moglegheita til å tilsette eit nasjonalt studentombod på åremål.

Vidare er styret einig i at informasjonsplikta i fagskulelova § 9 tredje ledd bokstav d vil innebere at styret må sørge for at det blir gitt informasjon til studentane om den nasjonale ombodsordninga, når ordninga trer i kraft.

Manglande presisering av at ombodet sjølv kan velje å gi bistand i ei sak

Departementet har vurdert om fagskulelova § 14 a skal presisere at ombodet sjølv vel om ombodet skal gi bistand i ei konkret studentsak. Departementet har valt å ikkje føreslå ei slik presisering, sjølv om dette er presisert i tilsvarande føresegn i universitets- og høgskulelova. Departementet viser til at det «ikke er nødvendig å presisere dette i fagskuleloven for et nasjonalt studentombud».

Styret kan ikkje sjå at departementet har grunnlagt nærare kvifor ei slik presisering ikkje er nødvendig når ombodet blir organisert nasjonalt. Det bør kome direkte fram av lovteksten at ombodet vel kven hen skal gi bistand til, slik styret ser det. Dette er ei avklaring av rolla som av pedagogiske grunnar bør gå fram av lovteksten, mellom anna for studentar som eventuelt les lovteksten når dei forsøker å orientere seg om ombodsordninga. Styret viser òg til at presiseringa er inntatt i universitets- og høgskulelova § 10-8, og at lovgivar av omsyn til samanheng mellom sektorane bør ha lik regulering der det er mogleg. Styret ser ikkje gode grunnar for at ikkje det same skal kome fram av føreseigna i fagskulelova § 14 a.

Oppheving av tilvising til teieplikta i forvaltningslova

Departementet foreslår å oppheve regelen i fagskulelova § 14 a om at studentombodet har teieplikt etter forvaltningslova. Departementet grunngir dette med at eit nasjonalt ombod uansett vil ha teieplikt etter forvaltningslova. Nasjonalt studentombod for fagskulestudentane skal bli plassert i HK-dir, som er eit forvaltningsorgan etter forvaltningslova. Dei som arbeider i det nasjonale studentombodet vil difor vere omfatta av reglane om teieplikt i forvaltningslova. Ifølge departementet vil det dermed ikkje kunne oppstå same tvil som kan oppstå for omboda i universitets- og høgskulesektoren, pga. ulik organisering. Forslaget inneber ikkje ei endring i reglane om teieplikt, men fjernar ei dobbeltregulering.

Styret for Fagskulen Vestland har i utgangspunktet forståing for formålet bak å unngå dobbeltreguleringar. I nokre tilfelle, som her, er det likevel gode grunnar for å også regulere teieplikta til det nasjonale ombodet i fagskulelova. Studentar vil jamt over ikkje ha detaljert kjennskap til forvaltningslova og teiepliktreglane der, og ikkje kunne slutte seg til at eit nasjonalt studentombod har teieplikt *etter eit anna regelverk*. I informasjonsmateriell om ombodet vil det vere naturleg å informere om at ombodet har teieplikt. Styret vurderer likevel at teieplikta bør gå fram direkte av fagskulelova § 14 a, slik som i gjeldande føresegn. Teieplikta til ombodet er sentral informasjon for studentar som vurderer å kontakte ombodet for bistand.

Vidare går teieplikta fram av tilsvarende føresegn i universitets- og høgskulelova § 10-8. Styret vil igjen vise til behovet for lik regulering mellom dei to sektorane, så langt det er mogleg.

Med dette som grunngeving ser styret for Fagskulen Vestland gode grunnar for at lovgivar i fagskulelova § 14 a bør vise til at ombodet har teieplikt, sjølv om dette er ei dobbeltregulering.

Styret for Fagskulen Vestland har elles ikkje andre innspel til høyringsnotatet.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste ansvarlege styringsorgan for Fagskulen Vestland, jf. fagskulelova § 9 første ledd, og gir dermed høyringsuttale på vegner av fagskulen.

Konklusjon

Rektor rår til at styret gir høyringsuttale om forslag til endringar i fagskulelova knytt til nasjonalt studentombod slik det kjem fram av saka.



DET KONGELIGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Høringsnotat

**Forslag til endringer i lov om høyere yrkesfaglig utdanning
(fagskoleloven)**

Nasjonalt studentombud

10. oktober 2024

Innhold

1	Bakgrunn.....	3
2	Dagens regler	4
3	Departements vurderinger og forslag.....	4
3.1	Mandat	4
3.2	Plikt til å informere om studentombudet.....	6
3.3	Ansettelse på åremål.....	6
3.4	Taushetsplikt.....	7
3.5	Faglig uavhengighet.....	8
4	Økonomiske og administrative konsekvenser.....	8
5	Merknader til lovforslaget	8
6	Lovforslag.....	9

1 Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet sender med dette på høring et forslag om endringer i lov 8. juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven). Endringene gjelder reguleringen av nasjonalt studentombud.

Stortinget vedtok mai 2024 å endre fagskoleloven § 14 a slik at fagskolestudenter skal ha tilgang til et nasjonalt studentombud, jf. lovvedtak 61 (2023–2024).¹ Endringen trer i kraft 1. august 2025. Endringen flytter ansvaret for å tilby studentene et studentombud fra styret ved den enkelte fagskole til staten. Departementet har besluttet å legge det nasjonale studentombudet til HK-dir, og foreslår å sette av 3 millioner kroner til å etablere et nasjonalt studentombud i 2025 i Prop. 1 S (2024–2025). Den nærmere lokaliseringen av det nasjonale studentombudet vil bli avgjort i tråd med retningslinjer for lokalisering av statlige arbeidsplasser og statlig tjenesteproduksjon.²

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) har svart på to oppdrag fra Kunnskapsdepartementet i 2022–2024, med henholdsvis en kartlegging av ordningen med studentombud for fagskolestudenter og en nærmere vurdering av organisering og lokalisering av et nasjonalt studentombud, økonomiske og administrative konsekvenser av opprettelse av et nasjonalt studentombud og mandatet til studentombudet.

Ordningen med studentombud for fagskolestudenter og studenter ved universiteter og høyskoler ble drøftet under ett og foreslått i Prop. 89 L (2018–2019) *Endringer i universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (studentombud, trakassering og tilrettelegging)*. Paragrafene om studentombud i henholdsvis fagskoleloven og lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) trådte i kraft 1. august 2019.

Stortinget vedtok 8. mars 2024 en ny universitets- og høyskolelov som i § 10-8 viderefører reglene i universitets- og høyskoleloven (2005) § 4-17 om studentombud, med flere presiseringer som tydeliggjør studentombudets uavhengighet, rolle og ansvar, jf. lovvedtak 43 (2023–2024).³ Endringene trådte i kraft 1. august 2024 og er nærmere omtalt i Prop. 126 L (2022–2023) *Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)* punkt 14.8.

Departementet foreslår på denne bakgrunn å gjøre noen mindre endringer og presiseringer i fagskoleloven § 14 a slik at lovreguleringen harmonerer bedre med at studentombudet er nasjonalt organisert og de presiseringene som nylig er gjort i universitets- og høyskoleloven.

¹ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=98236>

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-lokalisering-av-statlege-arbeidsplassar-og-statleg-tenesteproduksjon/id3054155/>

³ <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=94763>

2 Dagens regler

Endringene i fagskoleloven § 14 a første ledd som Stortinget har vedtatt trer i kraft 1. august 2025. Endringen går ut på at fagskolestudentene skal ha tilgang på et *nasjonalt* studentombud, slik at ansvaret for å tilby studentene et studentombud flyttes til staten. Et nasjonalt studentombud vil ikke endre på fagskolens ansvar for å ivareta studentenes rettigheter, og utelukker ikke at fagskolen kan velge å ha ordninger for rådgiving og veiledning av studentene. Styret ved fagskolen vil fremdeles ha en plikt til å sørge for at studentene får nødvendig informasjon og veiledning, jf. fagskoleloven § 9 tredje ledd bokstav d.

Det følger av fagskoleloven § 14 a første ledd slik den lyder i dag at alle fagskolestudenter skal ha tilgang til et studentombud og at det er styret ved fagskolen som har ansvaret for å sørge for dette. Studentombudet skal gi fagskolestudentene råd og hjelp i saker knyttet til deres studiesituasjon, jf. fagskoleloven § 14 a andre ledd første punktum.

Fagskolene velger selv hvordan de organiserer ordningen med studentombud, men det er et krav at studentene skal ha tilgang til ombudet. Fagskolene kan ha et eget studentombud eller samarbeide med andre i fagskolesektoren eller universitets- og høyskolesektoren. Studentombudet må innplasseres i organisasjonen på en slik måte at uavhengigheten ivaretas best mulig.

Studentombudet skal være uavhengig av både fagskolen og studentene og kan derfor ikke instrueres i sitt virke, jf. fagskoleloven § 14 a andre ledd andre punktum. Fagskolen vil likevel ha administrativt ansvar for studentombudets virksomhet og kan gi rammer for ombudet i budsjett og mandat.

Studentombudets taushetsplikt følger av forvaltningsloven §§ 13 til 13 e og 13 g, med de pliktene og begrensningene som følger av disse reglene, jf. fagskoleloven § 14 a andre ledd tredje punktum. Studentombudets taushetsplikt er knyttet til ombudsrollen og gjelder uansett hvilken arbeidsgiver ombudet har.

Ansettelse på åremål kan benyttes for studentombud, jf. fagskoleloven § 14 a tredje ledd. Åremålsperioden kan være fire til seks år, og ingen kan være ansatt på åremål i en sammenhengende periode på mer enn tolv år.

Det følger av fagskoleloven § 14 a fjerde ledd at departementet kan gi forskrift om studentombud. Slik forskrift er ikke gitt.

3 Departements vurderinger og forslag

3.1 Mandat

Erfaring fra ordningen med studentombud etter at den ble lovfestet i 2019 er at den har fungert relativt godt for fagskolestudentene. Dette kommer til uttrykk i kartleggingen av ordningen med studentombud for fagskolestudenter fra HK-dir fra februar 2022. I kartleggingen står det at det er relativt stor enighet om hva som bør være studentombudets kjerneoppgaver, og dette tilsvarer det som allerede er studentombudets mandat i dag. Det

nasjonale studentombudet skal i utgangspunktet gi enkeltstudenter råd og hjelp i saker som er tilknyttet studiesituasjonen, uavhengig av om saken er av prinsipielt stor betydning. Departementet foreslår derfor å kun gjøre endringer i fagskoleloven som presiserer studentombudets mandat. Forslaget tilsvare i stor grad de endringene som trådte i kraft i universitets- og høyskoleloven 1. august 2024.

Departementet foreslår å ta inn en presisering om at studentombudet skal bidra til å ivareta studentenes rettssikkerhet overfor fagskolen ved å gi råd og hjelp i saker som er knyttet til studentenes studiesituasjon. Presiseringen er i tråd med formålet med studentombudets arbeid, som er å bidra til at studentenes rettigheter og plikter ivaretas av fagskolen på best mulig måte, jf. Prop. 89 L (2018–2019) *Endringer i universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (studentombud, trakassering og tilrettelegging)* punkt 8.2.

Videre foreslår departementet å presisere at studentombudet ikke selv har myndighet til å avgjøre saker. Det følger av forarbeidene til fagskoleloven § 14 a at studentombudet ikke kan fatte vedtak. Forslaget innebærer følgelig ingen realitetsendring, kun en presisering i lovteksten. Studentombudet er uavhengig og kan fungere som mekler ved behov, men representerer verken studenten eller fagskolen. Studentombudets rolle er primært å veilede studentene.

Departementet har vurdert å ta inn en presisering om at studentombudet selv kan bestemme om det skal bistå en student i en sak. Dette ble gjort i universitets- og høyskoleloven som trådte i kraft 1. august 2024. Departementet mener at det ikke er nødvendig å presisere dette i fagskoleloven for et nasjonalt studentombud, og foreslår derfor ikke å ta inn en tilsvarende presisering.

Departementet har vurdert om det er behov for å presisere mer av mandatet til det nasjonale studentombudet i fagskoleloven, men har landet på at det ikke er hensiktsmessig. En for detaljert lovregulering av studentombudets mandat risikerer å begrense studentombudets effektivitet og fleksibilitet. Departementet mener at de foreslåtte presiseringene tydeliggjør studentombudets uavhengighet og myndighet i tilstrekkelig grad. Fagskolestudentene og studentene ved universiteter og høyskoler skal, som i dag, ha rett til like gode tilbud. Det tilsier at lovreguleringen av studentombud også bør være tilsvarende for de to sektorene.

Studentombudets hovedoppgave følger av fagskoleloven § 14 a, og er å gi enkeltstudenter råd og hjelp i saker knyttet til deres studiesituasjon. Det innebærer imidlertid ikke at studentombudet er strengt begrenset til å kun gjøre dette. En rekke studentombud innenfor universitets- og høyskolesektoren har i de lokale mandatene i oppgave å utarbeide halvårs- eller årsrapporter til institusjonens læringsmiljøutvalg, rektor eller styre. I tillegg har flere studentombud mandat til å fremme saker på eget initiativ direkte til institusjonens styre, og kan orientere rektor fortløpende om spesielt alvorlige saker eller saker av prinsipiell betydning. På samme måte kan det nasjonale studentombudet for fagskolestudentene gjennomføre noe annet arbeid, så lenge det ikke kommer i strid med studentombudets rolle eller går på bekostning av hovedoppgaven, som er å bistå enkeltstudenter.

Departementet foreslår å presisere at:

- Studentombudet skal bidra til å ivareta studentenes rettssikkerhet overfor fagskolen.
- Studentombudet har ikke selv myndighet til å avgjøre saker.

Se forslag til § 14 a andre og tredje ledd.

3.2 Plikt til å informere om studentombudet

En av utfordringene som trekkes fram i kartleggingen av ordningen med studentombud for fagskolestudenter fra 2022 er at mange studentombud får få henvendelser fra fagskolestudenter. En mulig årsak til dette er at ordningen kan være lite kjent blant fagskolestudentene. Departementet mener derfor at det er viktig at det nasjonale studentombudet blir godt kjent og oppleves tilgjengelig for fagskolestudentene.

Endringen av studentombudsordningen for fagskolestudentene fra lokale studentombud til et nasjonalt studentombud i 2025 vil medføre at styret ved fagskolene ikke lenger har ansvar for å sikre at studentene har tilgang til et studentombud. Fagskolene står imidlertid nærmest studentene. For at den nye ordningen skal fungere etter hensikten mener departementet at fagskolene bør ha ansvar for å gjøre studentombudsordningen kjent blant studentene. Dette kan fagskolene eksempelvis gjøre ved å ha informasjon om det nasjonale studentombudet lett tilgjengelig på nettsidene sine og i andre passende kanaler.

Etter fagskoleloven § 9 tredje ledd bokstav d har styret ved fagskolen ansvar for å sørge for at det blir gitt nødvendig informasjon og veiledning til studenter ved fagskolen.

Departementet mener at dette ansvaret omfatter en plikt til å informere om studentombudet når det legges opp til en nasjonal ordning fra august 2025. Det er følgelig ikke nødvendig å endre fagskoleloven for at styret skal ha ansvar for å gi nødvendig informasjon om studentombudet til studentene.

3.3 Ansettelse på åremål

Ved lovfestingen av studentombudsordningen i 2019 ble det tatt inn i fagskoleloven § 14 a tredje ledd at fagskolene kunne velge å ansette studentombud på åremål. Begrunnelsen i Prop. 89 L (2018–2019) *Endringer i universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (studentombud, trakassering og tilrettelegging)* var at åremålsansettelse kunne bidra til å forhindre at studentombudet og institusjonen fikk en tilknytning som var til hinder for ombudets uavhengighet. Departementet la også vekt på at studentombudet er en stilling der det er behov for faglig og administrativ nyorientering. Departementet presiserte i forarbeidene at adgangen til å ansette på åremål bare skulle benyttes når studentombudet var ansatt ved en fagskole.

Gjennom etableringen av et nasjonalt studentombud vil ikke studentombudet lenger være tilknyttet hver enkelt fagskole. Når studentombudet flyttes fra fagskolene til staten vil det ikke lenger være en like stor risiko for at studentombudet blir for tett knyttet til fagskolene. Behovet for åremålsansettelse for å forhindre dette blir følgelig mindre. Samtidig kan det oppstå nye utfordringer knyttet til uavhengighet når studentombudsordningen blir nasjonal. Ansettelse på åremål vil kunne bidra til å forhindre

at studentombudet får en tilknytning til statsforvaltningen som er til hinder for ombudets uavhengighet. Dette tilsier at adgangen til åremålsansettelse bør videreføres.

Departementet mener at en ved å beholde adgangen til åremålsansettelse vil kunne legge til rette for faglig og administrativ fornyelse av det nasjonale studentombudet. På den andre siden kan ansettelse på åremål være et hinder for at studentombudet opparbeider seg kompetanse og erfaringer over tid, som er viktig for studentombudstjenesten.

Departementet mener likevel at man ved å videreføre adgangen til åremålsansettelse på mellom fire og seks år, der et studentombud ikke kan være ansatt i mer enn tolv år sammenhengende, på en god måte balanserer hensynet til å sikre at studentombudet får bygget kompetanse og erfaringer i stillingen og hensynet til faglig og administrativ fornyelse. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å beholde adgangen til å ansette studentombud for en åremålsperiode på fire til seks år.

Ved innføringen av studentombudsordningen presiserte departementet i forarbeidene at dersom en institusjon hadde ett studentombud som ledet et studentombudkontor med flere ansatte, skulle det kun være det studentombudet som ledet kontoret som kunne ansettes på åremål. Departementet mener at dette bør gjelde tilsvarende for det nasjonale studentombudet. Det vil si at dersom flere personer er ansatt for å fylle funksjonen til det nasjonale studentombudet, gjelder adgangen til åremålsansettelse for lederen av ombudet.

Departementet foreslår at:

- Adgangen til å ansette studentombud på åremål videreføres.

3.4 Taushetsplikt

I Prop. 89 L (2018–2019) *Endringer i universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (studentombud, trakassering og tilrettelegging)* vurderte departementet om det skulle innføres en utvidet taushetsplikt for studentombudet. Departementet fant at reglene om taushetsplikt i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) i tilstrekkelig grad ville ivareta studentombudets og studentenes behov. Dette gjentok departementet i Prop. 126 L (2022–2023) *Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)* for studentombudene ved universiteter og høyskoler. Departementet mener det samme gjelder for studentombudet for fagskolestudenter. Svært få opplysninger i ombudets virke vil falle utenfor det som kan betegnes som studentenes «personlige forhold» i forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 1. Departementet mener derfor at taushetsplikten i forvaltningsloven vil ivareta studentenes behov for at opplysninger gitt i forbindelse med studentombudstjenesten behandles konfidensielt.

Departementet mener at man som hovedregel bør unngå dobbeltregulering. For studentombudene i universitets- og høyskolesektoren kan det på grunn av ombudenes uavhengige rolle og ulikheter i organisering muligens oppstå tvil om de «utfører tjeneste eller arbeid» for universitetet eller høyskolen etter forvaltningsloven § 13, og dermed om forvaltningslovens regler om taushetsplikt gjelder. For å tydeliggjøre for studentene at

ombudene har taushetsplikt ble særregelen videreført i universitets- og høyskoleloven om at forvaltningslovens regler om taushetsplikt gjelder for studentombudene.

Et nasjonalt studentombud for fagskolestudentene skal plasseres i HK-dir, som er et forvaltningsorgan etter forvaltningsloven. De som arbeider i det nasjonale studentombudet vil følgelig være ansatt i et forvaltningsorgan og dermed være omfattet av reglene om taushetsplikt i forvaltningsloven. Det vil derfor ikke kunne oppstå tvil om hvorvidt det nasjonale studentombudet er omfattet av reglene om taushetsplikt i forvaltningsloven, slik tilfellet er for studentombudene i universitets- og høyskolesektoren. Departementet foreslår derfor å oppheve regelen i fagskoleloven § 14 a om at studentombudet har taushetsplikt etter reglene i forvaltningsloven. Forslaget innebærer ikke en endring i reglene om taushetsplikt, men fjerner kun en dobbeltregulering.

Departementet foreslår:

- å fjerne dobbeltreguleringen av studentombudets taushetsplikt, ved å oppheve fagskoleloven § 14 a andre ledd tredje punktum.

3.5 Faglig uavhengighet

Departementet mener det er en grunnleggende forutsetning for ombudsordningen at det nasjonale studentombudet er faglig uavhengig og dermed ikke skal kunne instrueres i sitt virke. Det europeiske nettverket for ombud i høyere utdanning framhever også dette.⁴ Studentene skal føle seg trygge på at studentombudet gir objektive råd og hjelp i saker tilknyttet deres studiesituasjon og at studentombudet opptrer nøytralt og upartisk. Den faglige uavhengigheten til det nasjonale studentombudet begrenser ikke departementets administrative ansvar, og departementet gir rammer for studentombudet i budsjett og mandat. Departementet foreslår at presiseringen om at studentombudet ikke kan instrueres i sitt virke videreføres, og foreslår derfor ingen endringer i fagskoleloven om dette.

4 Økonomiske og administrative konsekvenser

Departementets forslag innebærer i all hovedsak kun presiseringer av gjeldende rett og vil dermed ikke ha vesentlige økonomiske eller administrative konsekvenser.

5 Merknader til lovforslaget

Til § 14 a Studentombud

Paragrafen viderefører i stor grad dagens lov § 14 a med enkelte presiseringer og mindre endringer.

I *andre ledd* foreslår departementet å presisere at studentombudet skal bidra til å ivareta studentenes rettssikkerhet overfor fagskolen.

⁴ <https://enohe.net/>

I *tredje ledd* foreslår departementet å presisere at studentombudet ikke selv har myndighet til å avgjøre saker. Ombudet skal primært veilede studentene, og representerer verken studentene eller fagskolen.

6 Lovforslag

§ 14 a skal lyde:

§ 14 a *Studentombud*

Fagskolestudenter skal ha tilgang til et nasjonalt studentombud.

Studentombudet skal gi fagskolestudenter råd og hjelp i saker *som er knyttet til studiesituasjonen, og bidra til å ivareta studentenes rettsikkerhet overfor fagskolen.* Studentombudet kan ikke instrueres i sitt virke.

Studentombudet har ikke selv myndighet til å avgjøre saker.

Ansettelse på åremål kan benyttes for studentombud. Åremålsperioden kan være fire til seks år. Ingen kan være ansatt på åremål etter denne bestemmelsen i en sammenhengende periode på mer enn tolv år.

Departementet kan gi nærmere forskrift om studentombud.

Saksnr: 2022/486-162**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 24/24	03.12.2024

Møteplan for 2025

Forslag til vedtak

1. Møteplan for 2025 vert vedteke som følgjer:

Tidspunkt	Stad
24. januar	Digitalt
07. mars	Digitalt
29. april	Måløy
29. august	Digitalt
24. oktober	Digitalt
02. desember	Voss

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til følgjande møteplan for 2025.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til møteplan for 2025. Det er sett til [politisk møteplan](#) i Vestland fylkeskommune for 2025 og fristar som er viktig for fagskulen ved val av møtetidspunkt. Vidare er det føreslått to fysiske møter ved eit av studiestadene etter ønskje frå styret.

Det er totalt føreslått 6 møter, og av dei to fysiske heildagsmøter.

Møteplan 2025

Tidspunkt	Stad
24. januar	Digitalt
07. mars	Digitalt
29. april	Måløy
29. august	Digitalt
24. oktober	Digitalt
02. desember	Voss

Konklusjon

Rektor tilrår at styret vedtek møteplan for 2025 slik det kjem fram av saka.

Saksnr: 2022/486-166**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 25/24	03.12.2024

Endring av namn på utdanningar

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å endre namn på tre av fagskulen sine utdanningar som følgjer:

Opphaveleg namn	Nytt namn	Studiestad
Bygningssakkyndig for tilstandsanalysar	Bygningssakkyndig	Førde
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Robotteknologi	Nordnes/Stord
Automatisering	Industriell automasjon	Nordnes/Stord

Samandrag

Fagskulen ønskjer å endre namnet ved tre av våre utdanningar innan det tekniske fagområdet, og vedtakskompetansen på ei slik namneendring ligg til styre for fagskulen. Utdanningane som fagskulen ønskjer å endre namna på er Bygningssakkyndig for tilstandsanalysar 120 stp., Robotteknologi og digital produksjon i industrien 120 stp. og Automatisering 120. stp. (ved studiestad Nordnes).

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen ønskjer å endre namnet ved tre av våre utdanningar innan det tekniske fagområdet, og vedtakskompetansen på ei slik namneendring ligg til styre for fagskulen. Utdanningane fagskulen ønskjer å endre namna på er Bygningssakkyndig for tilstandsanalysar 120 stp., Robotteknologi og digital produksjon i industrien 120 stp. og Automatisering 120. stp. (ved studiestad Nordnes).

Rutinen for å gjere endringar i allereie akkrediterte tilbod seier at ei namneendring kan leie til at det må gjerast ei ny akkreditering med ein sakkyndig komité. Kravet til å gjere ei ny akkreditering vil vere om endringa av namn er slik at ein meiner at det er naudsynt å vurdere om det fortsett er dekkande for å beskrive utdanninga, eller at namnet vil gje inntrykk av at det er ei vesentleg endra utdanning i høve til læringsutbyttet. Vidare seier rutinen at akkrediteringsansvarleg, saman med utdanningsleiar for den aktuelle utdanninga skal gjere ei vurdering av om endringa er så vesentleg at det er naudsynt med ei ny akkreditering. Akkrediteringsansvarleg har på bakgrunn av dialog og utgreiing frå dei aktuelle utdanningsleiarane vurdert dei føreslått endringane til å ikkje krevje ei ny akkreditering. Vidare vert det vist til grunngjevinga for namneendringa.

Bygningssakkyndig for tilstandsanalysar

Det er ønskeleg å ta bort «for tilstandsanalysar» frå namnet og endre det til «Bygningssakkyndig». Grunngjevinga for å endre namn er at tilstandsanalysar berre er ein del av læringsutbyttet i utdanninga. Innhaldet i studiet omfattar også skadedelen av takseringsyrket. Det noverande namnet avgrensar studentane sin moglegheit til å bli godkjent av Norsk Takst til å utføre skadetakst fordi namnet vert lest til å berre gjelde for tilstandsanalysar. Ein annan, og mindre viktig, grunn er at det noverande namnet er noko langt. Akkrediteringsansvarleg og utdanningsleiar har vurdert at namnet Bygningssakkyndig såleis er eit meir dekkande namn for utdanninga enn dagens namn, og at det såleis ikkje vil vere behov for å gjere ei ny akkreditering.

Robotteknologi og digital produksjon i industrien

Det er ønskeleg å endre namnet på denne utdanninga til Robotteknologi. Dette vil vere ei forenkling av namnet og gjer det meir brukarvennleg i høve til kommunikasjon om studiet mot søkjarar og arbeidsliv. Namnet Robotteknologi dekkar dei sentrale temaa i utdanninga som inkluderar:

- Innføring i robotar og den industrielle bruk
- Robotprogrammering og bruk av simuleringsverktøy
- Sensorar og aktuatorer
- Industriell kommunikasjon og nettverk
- Mekanikk og konstruksjon
- Automatisering, integrasjon og robotikk

Rektor meiner namnet er beskrivande for utdanninga og at det ikkje er naudsynt å gjere ei ny akkreditering.

Automatisering ved studiestad Nordnes

Utdanninga Automatisering tilbyr vi både i Bergen og i Førde. Desse to utdanningane er ikkje heilt like, og har ulikt fokus. Ved studiestad Nordnes er det ønskeleg å endre namnet til «Industriell automasjon» som i større grad reflekterer utdanninga sitt innhald. Dette gjer også at søkjarar og arbeidsliv forstår at dei to tilboda fagskulen har innan Automatisering ikkje er like. Utdanninga sitt innhald er som følgjer:

- Robotteknologi og robotikk
- Programmerbare logiske styringssystem (PLS)
- Industriell kommunikasjon og nettverk
- Instrumentering og reguleringsteknikk
- HMI og styringssystem

Hovudprosjekta til studentane sist skuleår har i stor grad vore knytt til industriell automasjon i motsetnad til byggautomasjon med EKOM som Førde og andre fagskular tilbyr. Endringa vil såleis

framheve dei mest sentrale elementa i utdanninga og styrke koplinga til arbeidslivet, samtidig som at utdanninga får ei meir relevant og spesialisert identitet i høve til det lokale arbeidslivet og søkjarmassen. Rektor meiner namnet er beskrivande for utdanninga og at det ikkje er naudsynt å gjere ei ny akkreditering.

Vedtakskompetanse

Fagskular som har akkreditering for fagområde, kan sjølv akkreditere nye fagskuleutdanningar innan det akkreditere fagområdet, jf. fagskuleforskrifta § 48 (3). Styret ved fagskulen skal fastsetje plan for innhaldet i utdanninga, og bestemme korleis planen skal verte gjennomført, jf. fagskulelova § 17 første ledd.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå å endre namn på utdanningane omtalt i denne saka som følgjer:

Opphaveleg namn	Nytt namn	Stad
Bygningssakkyndig for tilstandsanalysar	Bygningssakkyndig	Førde
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Robotteknologi	Nordnes/Stord
Automatisering	Industriell automasjon	Nordnes/Stord

Saksnr: 2022/486-176**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 26/24	03.12.2024

Studieavgift

Forslag til vedtak

1. Studieavgifta ved Fagskulen Vestland vert auka til kr 8000,- i året for nye studentar frå og med skuleåret 2025/26.
2. Avgifta vil omfatte dei same studentgruppene som i dag i tillegg til utdanninga Boring.

Samandrag

Styret har bedt om ei sak om endring av studieavgifta ved Fagskulen Vestland for å betre dei økonomiske rammene til skulen. Rektor vil tilrå å auke avgifta frå 6000,- til kr 8000,- i året for nye studentar frå og med skuleåret 2025/26.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret handsama i møte 24.06.2024 orientering RS 08/24 *Endring av studieavgifta* ved Fagskulen Vestland der det vart gitt vurderingar knytt til auka studieavgift (sjå vedlegg). I orienteringa vart det vist til andre fagskular i høve til om dei har studieavgift, og kva nivå avgifta ligg på. I finansutvalet 25.11.2024 vart det gjort følgjande innstilling om fagskulen i sak PS 9/24 *Budsjett 2025/økonomiplan 2025/2028 – arbeidsdokument*:

«30.3 - Auke rammene til fagskulen

Fagskulen er viktig for å utdanna kompetent arbeidskraft i det verdiskapande og Grøn region Vestland framover. Det fylkeskommunale tilskotet til fagskulen Vestland skal ikkje fasast ut, men skal tilpassast dei økonomiske rammene til fylkeskommunen og sikre at fagskulen har tilstrekkelege ressursar til å vidareutvikle studietilboda og kunne tilby nye studieretningar. Fylkestinget ber om ei sak som ser på dei overordna måla og strategiane til Fagskulen i Vestland, og saka leggjast fram for fylkestinget før sommaren 2025. Vidare ber fylkestinget styret for Fagskulen sjå på auka inntekspotensiale gjennom brukarbetaling frå skuleåret 2025-2026.»

Basert på orientering RS 08/24 og justering av avgifta i Rogaland hausten 2024 har andre fagskular følgjande nivå på studieavgift:

Fagskule	Kostnad per semester
Fagskolen Rogaland	Adm./øk-fag og helse – 1000,- Maritime og tekniske – 1750,-
Fagskolen Innlandet	3000,- (reduert frå 2024, opphaveleg 7500,-)
Fagskolen i Viken	Ingen (avvikla 2023)
Trøndelag høgere yrkesfagskole	Ingen
Fagskolen i Agder	Ingen
Fagskulen Vestland	3000,-

Basert på dette er det Fagskolen Innlandet og Fagskulen Vestland som har den høgaste avgifta blant skulane nemnt over.

Det har vore drøfta ulike modellar for studieavgift ved fagskulen, til dømes at avgifta også skal omfatte heiltidstilbodet, eller at ein skal ha ein differensiert sats i høve til fagområde. Andre modellar som er diskutert er ei avgift som baserer seg på studiepoengproduksjon. Rektor vil tilrå at det vert ei lik avgift og ikkje differensiert. Rektor vil også tilrå at krav om studieavgift fortsett berre omfattar dei nettbaserte utdanningane med samlingar, eller reine nettbaserte, og at studia innan helse- og oppvekst, samt studia ved Hjeltnes, ikkje vert omfatta av studieavgifta.

I RS 08/24 vart det vist til ulike nivå på studieavgifta, frå kr 6000,- årleg som i dag, til kr 16 000,-. Det er fleire forhold ein må ta omsyn til i høve til val av nivå på studieavgift. Det er viktig at ein ikkje prisar seg for høgt i høve til andre fagskular som vi er i konkurranse med, samtidig som vi skal sikre ei økonomisk berekraftig situasjon for fagskulen. Det er også viktig å skilje mellom ulike studentgrupper i høve til betalingsevne. Heiltidsstudentane har til dømes ikkje full jobb ved sida av studia og det er meir vanleg med eit gratisprinsipp knytt til offentleg heiltidsutdanning. Etter- og vidareutdanning og deltidsutdanning er det meir vanleg å ha studieavgift for. Ein annan forskjell er at innretninga av dagens finansieringsordning for fagskulesektoren gjer at dei utdanningane som går over tre år på deltid ikkje får finansiering for det tredje året, og 120 stp. utdanningar på deltid vert derfor dyrare å drive.

Som det også kjem fram av orienteringa i RS 08/24 var studentane involvert i spørsmål om auka studieavgift. Studentrådet var tydeleg på at det ikkje var ønske om å auke avgifta. Studentane og studentorganisasjonen for fagskulestudentar er generelt negativ til studieavgift i det heile. Rektor er i utgangspunktet ikkje usamd med studentane om at offentleg utdanning bør vere gratis. Likevel står fagskulen i ein situasjon der det vil bli meir økonomisk krevjande å oppretthalde dei tilboda vi har i åra som kjem. Fylkeskommunar og kommunar opplever nå dyrtid, og må gjere krevjande budsjettkutt i fleire sektorar, og ei auka studieavgift for studentane for å fremje framtidige kutt kan

måtte vere naudsynt. Samtidig er studentane, som andre elles i samfunnet, råka av dyrtid, og ei auke i studieavgifta vil gje ei ekstra økonomisk belastning.

Rektor vil tilrå at det ikkje vert gjort endring i høve til kva studentgruppe som vert belasta med ei studieavgift, med unntak av petroleumsutdanninga. Utdanninga Boring vert gitt på fulltid, men den har ein rotasjonsordning slik at studentane kan vere i fullt arbeid ved sida av utdanninga. Dette er også ei utstyrstung utdanning, og samla sett talar dette for at skulen bør krevje studentbetaling også for denne utdanninga.

Rektor vil tilrå, for å ikkje gjere fagskulen mindre konkurransedyktig, at studieavgifta vert justert til kr 8000,- kvart år. I dag ligg inntekta på om lag kr 6,8 mill. og med ei auke til 8000,- i avgift vil inntekta bli om lag kr 9,4 mill. basert på dagens studenttal.

Inntekta som er skissert over vil først vere på dette nivået etter tre år, fordi studentane som allereie er i utdanning har fått opptak basert på ei avgift på kr. 6000,-. Ny studieavgift kan fasast inn frå og med skuleåret 25/26 for dei nye studentane det året, og i skuleåret 27/28 vil avgifta ha blitt fullt implementert. Samtidig kan inntekta vert noko høgare enn stipulert dersom studenttalet aukar dei komande åra.

Vedtakskompetanse

Styret har kompetanse til å innføra studieavgift jf. fagskulelova § 29 andre ledd som følgjer:
«Fagskoler kan kreve egenbetaling fra studenter bare når det ikke ved tildeling av offentlige tilskudd er forutsatt at utdanningen skal være gratis. Departementet kan gi forskrift om fagskolens adgang til å kreve egenbetaling fra studenter.»

Vestland fylkeskommune har ikkje ved tildeling av offentleg tilskot fastsett at det ikkje kan verte kravd studieavgift frå studentar. Kunnskapsdepartementet har heller ikkje sett slike føresetnader. Departementet har ikkje gitt forskrift om fagskulen sin tilgang til å krevje studieavgift frå studentar.

Vedtektene for styret stadfestar i § 2-2 femte ledd som følgjer:
«Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbydd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.»

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at studieavgifta vert auka til kr 8000,- i året for utdanningane som er nettbasert med samlingar, nettbasert og for utdanninga Boring. Rektor vil også tilrå at utdanningane som i dag er nettbasert med samlingar og som har unntak frå studieavgifta, fortsett får unntak. Dette er utdanningane innan helse- og oppvekst og utdanningane ved studiestad Hjeltnes.

Saksnr:	2022/486-138
Saksbehandlar	Adeline Berntsen Landro
Dato:	16.06.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Endring av studieavgifta ved Fagskulen Vestland

Bakgrunn for orienteringa

I desember 2023 vart det i fylkestinget, i samband med budsjettsaka, vedteke å kutte i det fylkeskommunale driftstilskotet til fagskulen. Det fylkeskommunale tilskotet vart føreslått avvika heilt innan 2026. I handsaminga vedtok fylkestinget at kuttet for 2024 skulle reduserast til 3,5 mill., og innan 2026 skal fagskulen sin budsjettramme reduserast med 19 mill. jf. handsaming budsjettsaka Økonomiplan 25-8 i Finansutvalet 5. juni. For å sikre god drift og vidare vekst ved skulen også i framtida er det naudsynt å gjere ei vurdering av om studieavgifta til studentane må aukast, og korleis ei eventuell auke skal innrettast.

I denne orienteringa vert det vist forslag til korleis ei auke i studieavgift vil kunne innrettast for ei drøfting i styret. Rektor vil tilrå at det vert brukt noko tid på endeleg avgjerd, og at ei eventuell endring i studieavgift først trer i kraft frå og med skuleåret 25/26. For skuleåret 24/25 er tilbodet lyst ut med dagens nivå i høve til studieavgift gjennom Samordna opptak, og avgifta som er oppgitt ved søknadstidspunkt må vere det studentane skal måtte betale. Ei eventuell auke i studieavgifta kan såleis først tre i kraft for nye studentar for skuleåret 25/26.

Årsaka til at det er behov for å vurdere å auke studieavgifta er at skulen sin økonomiske situasjonen er utfordrande, og må løysast på både kort og lang sikt. Samtidig er det noko usikkerheit per i dag knytt til framtidig ramme i påvente av årlege budsjettvedtak jf. komande sak i Fylkestinget 18. og 19 juni 2024, der det er føreslått å styrke det fylkeskommunale tilskotet for ein periode. Dersom den økonomiske situasjonen vert endra, vil behovet for studieavgift verte redusert. Dette talar også for at det er høveleg å bruke noko tid på å greie ut storleiken på studieavgifta som vi belastar studentane.

Tidlegare handsaming av studieavgift

I samband med samanslåinga av dei to fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland vart studieavgifta harmonisert. Begge skulane hadde ein praksis som tilsa at det berre var studia som var samlingsbaserte som hadde studieavgift. Heiltidsstudia vart halden utanom. Bakgrunnen for å innrette studieavgifta slik var at studentane som følgjer ei heiltidsutdanning som hovudregel ikkje er i arbeid, og mange er avhengig av studielån for å finansiere utdanninga si. Dette er også i tråd med anna offentleg høgare utdanning som vert tilbudd utan avgift.

Fagskulen i Sogn og fjordane hadde ein modell der studiepoeng vart lagt til grunn for utrekninga av studieavgifta. Avgifta var på til saman 16 000,- per år for ein 120 studiepoengs utdanning, eller 400,- per studiepoeng, totalt 48 000,- for heile utdanninga.

I Hordaland vart studieavgifta rekna ut pr. studieår. Kostnaden i Hordaland var 6 000,- pr år, eller totalt 18 000,- for ein 120 poengs utdanning over tre år. Det er ikkje store forskjellar i modellane, men rektor vil tilrå at ein tek utgangspunkt i ei lik avgift kvart semester.

Styret for Fagskolen i Hordaland handsama sak om innføring av studieavgift 28.01.2020 (vedlegg 1) og 17.09.2021 handsama prosjektstyret for Fagskolen Vestland sak om harmonisering av studieavgifta mellom dei to fagskulane (vedlegg 2).

Studieavgift ved andre fylkeskommunale fagskular

Ei gjennomgang ved andre fylkeskommunale fagskular som vi kan samanlikne oss med syner at det er ulikt kor mykje som vert kravd i studieavgift, og at kostnaden er låg for studentane. For fleire av skulane under er avgifta redusert i seinare tid. Årsaka til reduksjonen er eit ønskje om likestilling med universitets- og høgskulesektoren som har eit krav om gratisprinsipp.

Fagskule	Kostnad per semester
Fagskolen Rogaland*	1000,-
Fagskolen Innlandet	3000,- (reduisert frå 2024, opphaveleg 7500,-)
Fagskolen i Viken	Ingen (avvikla 2023)
Trøndelag høgere yrkesfagskole	Ingen
Fagskolen i Agder	Ingen

* Frå hausten 2024 vert det innført auka studieavgift. Administrative og økonomiske utdanningar og helseutdanningar får ei studieavgift på 2 000,- per år. Maritime og tekniske utdanningar skal betale 3 500,- per år.

Det har også vore Fagskolen Vestland sin intensjon å redusere, eventuelt fjerne, studieavgifta på sikt. Fagskulane er i ein konkurransesituasjon med kvarandre, og det vil vere å tru at studieavgifta betyr noko i høve til rekruttering. Det er såleis viktig å ta i betraktning at dersom Fagskolen Vestland aukar studieavgifta, så går vi i ei anna retning enn dei andre fylkeskommunale fagskulane, og dette kan på lengre sikt påverke søkjartala ved Fagskolen Vestland.

Framlegg til modellar for, og storleik på studieavgift

Som nemnt skal Fagskolen Vestland spare inn 19 mill. innan 2026. Rektor meiner det er naudsynt å vurdere nivået på og innretninga av studieavgifta for å sikre god drift og vekst i framtida.

Fagskolen Vestland har mange ulike utdanningar og samansetninga av studentmassen er forskjellig. Hovudbilete dei seinare åra er at studia som har ein fleksibel gjennomføringsmodell vert meir populær. Det betyr at det berre er studia i Bergen som har tilstrekkeleg med studentar til å kunne tilby heiltidsutdanningar. I Bergen har vi heiltidsstudentar innan Bygg, Elkraft, Maskin, Boring, Dekksoffiser og Maskinoffiser. Totalt 12 grupper. Dei øvre utdanningane er samlingsbaserte. Studentgruppa som tek studia på heiltid, likner meir på studentane i resten av UH sektoren. Det betyr at denne gruppa vil kunne ha trong for studielån for å kunne gjennomføre ei utdanning. Det er nokon unntak frå denne modellen. Studentane som går på Stord, gjennomfører ein heiltidsutdanning samstundast som dei er i jobb. Studentane på petroleumsutdanninga gjennomfører også utdanninga mens dei er i jobb. Her tilpassar Fagskolen Vestland undervisninga til turnusordningar.

Dei maritime utdanningane ved Fagskolen Vestland er alle heiltidsutdanningar. Dette er som nemnt ved andre høve ein sær sars dyr utdanning. Mykje av kostnadene er knytt til simulatorkostnadar. Ein maritim student kostar fagskolen om lag 190 000 i året. Tilskotet er som kjent om lag 100 000 inkl. produksjonstilskot pr år. Tilskotet skulen får er det same som for dei andre utdanningane.

Fagskolen har om lag 200 studentar noko som gjev ei «underfinansiering» på om lag 18 millionar pr år. Det er ingen maritime utdanningar i landet som tar studieavgift for denne gruppa av studentar i dag. Ei innføring av studieavgift for dei heiltidsbaserte utdanningane vil kunne påverke konkurransesituasjonen til skulen. Dei maritime utdanningane gjev studentane moglegheit til å utløyse dei høgste sertifikata innan skipsfart.

Ved innføringa av studieavgift ved Fagskolen Hordaland i 2020, vart helseutdanningane og dei grønne og gastronomiske utdanningane ved studiestad Hjeltnes haldt utanfor. Dette vart gjort på bakgrunn av studentane ved desse utdanningane, og at dette var utdanningar under oppbygging. Studentane ved fagskolen opplever eit forskjellig arbeidsliv, mens det innan tekniske utdanningar ikkje er uvanleg at arbeidsgjevar både gir fri til utdanning og dekkar studieavgifta. Dette gjeld ikkje alltid

helseutdanningar og i dei grøne og gastronomiske utdanningane. I den siste kategorien er det ofte egne verksemdar, gardsutsal med meir.

Dersom styret vedtek ein auke i studieavgifta vil dette kunne avhjelpe ein krevjande økonomisk situasjon. Ein innføring av studieavgifta vil ta noko tid før vi får ein fullskala verking. Studentane har søkt og har ein kontrakt med Fagskulen Vestland. Dei som begynner i eit utdanningsløp i 25/26 vil vere dei fyste som skal betale dei nye satsane. Det er ikkje å anbefale at satsane vert differensiert da dette vil kunne medføre auka byråkrati.

I tabellen under vert det vist korleis inntektsnivået vil kunne vere med ei årleg studieavgift på ulike nivå. Tabellen tek utgangspunkt i studenttala ved dei same studia som har studieavgift i dag, men i siste rad er det lagt på kva inntekt skulen vil ha i tillegg dersom også heiltidsstudentane ved ved fagskulen skal betale studieavgift på 10 000,-.

	6 000,-	16 000,-	10 000,-
Nordnes	4 017 000	10 712 000	6 695 000
Førde	2 913 000	7 768 000	4 860 000
Voss	393 000	1 048 000	655 000
Total	7 323 000	19 528 000	12 210 000
Heiltid			4 575 000
Totalt			16 785 000

Med den opphavelige satsen på kr 6000 per år, vert inntekta med bakgrunn av studenttalet i 2023/24 om lag 7,3 mill. Forslaget om kr 16 000,- per år, som er satsen tidlegare Sogn og Fjordane hadde, vil gi ei inntekt på om lag 19,5 mill. Dette er om lag 12 mill. meir enn inntekta i dag. Om vi legg til grunn ei auke til 10 000,- per år, vil inntekta bli på 12,2 mill. Dersom vi i tillegg innfører studieavgift på 10 000,- for tilboda på heiltid vil den totale inntekta bli på kr 16,7 mill., ein auke på om lag 9,4 mill. frå dagens inntektsnivå.

Rektor har hatt møte med studentrådet for å drøfte saka. Studentane er tydelege på at det ikkje er ønskeleg å auke studieavgifta.

Kva studieavgift som bør innførast for nye studentar til skuleåret 25/26 bør sjåast i samanheng med kva innsparingstiltak skulen kan gjere, og kva budsjettvedtak som vert gjort for 2025. Rektor ønskjer derfor å kome tilbake med ei sak i desember 2024 om auke i studieavgifta.

Vedlegg

- 1 Innføring av studieavgift ved samlingsbaserte utdanningar med nettstøtte
- 2 Studieavgift ved Fagskulen i Vestland